



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 05
fminpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Leif Skiaker
Skjåkvegen 458
2690 SKJÅK

Saksbehandlar Mari Melbø Rødstøl

Vår ref. 2021/1084-2 432.2

Dykkar ref.

Dato 02.02.2021

Delegert vedtak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport i forbindelse med restaurering av fiskenaust - Leif Skiaker

Med heimel i verneforskrifter for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3, b), får Leif Skiaker dispensasjon til bruk av snøskuter for transport i forbindelse med restaurering av naustet sitt ved Lortjønn.

Dispensasjon er gjevne med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld for inntil 2 turar årleg i vintersesongen 2021 tom 2022.
- Transporten skal skje før 20. april evt. 3. påskedag om den er seinare.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjent av Skjåk kommune til transporten.
- Løyvet gjeld for køyretraseen Aursjoen -Sveinbu.
- Snøskuter skal nytte same trase og fylgje same køyrespor på opptur og nedtur.
- Transporten til hytter og fiskevatn skal så langt det er mogeleg samordnast med andre, for å minimere den motoriserte snøscootertrafikken i verneområdet.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/Per Olav Haugen (tlf: 970 57 213) skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Viss SNO opplyser om rein i traseen skal turen utsettast. Om de ikkje har fått denne åtvaringa og det likevel er rein i planlagt køyrerute, må ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i ein avstand på minimum 500 m på le side. Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen (jf. motorferdselforskriften § 7).
- Søkjar skal sende inn køyrerapport til nasjonalparkforvaltninga innan 05.06 kvart år på følgjande elektroniske skjema:
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf

Køytinga skal skje skånsamt og haldast på eit minimum av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.

Det vert gjort merksam på at nødvendige løyve til motorferdsel og må avklarast med Skjåk kommune.



Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Heimelsgrunnlag

Delegering

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
 - c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.


Saksopplysningar

Dokument i saka

Søknad frå Leif Skiaker 15/01.2021

Søknaden

Leif Skiaker søker om 2 turer årleg til hytta si ved Lortjønn for 2021 og 2022, då han skal restaurere fiskenaustet sitt. Han treng transport av ved/brensel, proviant, materiale og utstyr og køyre ut at gammalt skrot.



Kart som viser køyretrase, kalvingsområdet (rosa) og trekkområde (blå) for villrein.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

Forskrift for Ottadalen LVO, 24.11.2006

Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010

Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Verneforskrift – formål

Formålet med oppretting av Ottadalen lvo er fyrst og fremst knytt til naturkvalitetane i området, der leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde står sentralt. Ein tilleggsverdi er at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv i områda med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskrift § 2:

«Formålet med Ottadalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høg fjellsområde.
- ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord.
- ta vare på kulturminne mellom anna knytt til vatningsanlegg»

Motorisert ferdsel i Ottadalen landskapsvernområde er i utgangspunktet forbode, jf. verneforskrifta for Ottadalen lvo, § 3 pkt. 5.1.

Forvaltningsstyresmakta kan jf. pkt. 5.3, gje løyve til b) *nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og liknande.*

Forvaltningsplan

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområde skal være skjerna for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteføremål.



På s. 150 i forvaltningsplan står følgjande om motorferdsel etter § 3, pkt. 5.3: «*Motorisert ferdsl i utmark i Ottadalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. Det kan gjevast løyve for motorferdsel for vedlikehald og utbetring av vatningsanlegg. Dette er aktuelt ved bruk av gravemaskin for arbeid på anlegga, transport av masse og materialar med traktor og hengar, eventuelt snøscooter, i samband med molding, vedlikehald og oppgradering.*

For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar.

Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- *på vinterføre 1 – 5 turar*
- *på barmark 1 – 3 turar*
- *i lufta 1 – 3 turar.*

Forvaltningsplan for Reinheimen viser hovudtraséar for køyring i medhald av § 3 pkt. 5.3.b), der Aursjoen – Sveinbu er ein av dei tilrådde hovudtraséane

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Vurdering

Verneverdiane i landskapsvernområdet er i stor grad knytt til naturverdiar. Motorferdsel kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett. I tillegg er støy frå motorisert ferdsl forstyrrende på friluftslivet. I verneområda er det difor ei målsetting om å halde motorisert ferdsl på eit minimum.

Leif Skiaker eig bu og naust ved Lortjønnen, og har såleis eit akseptert behov for snøskutertransport som det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. Transportbehovet er knytt til bu utan vegsamband. Det er her mest hensiktsmessig at transporten gjennomførast med snøskuter vinterstid, og det utførast med godkjend leigekøyrar. Søknaden fyller vilkåra for å kunne gje fleirårig løyve. I området er det gitt dispensasjonar til 1 tur årleg, men i samband med restaurering, ser vi at det er eit akseptabelt behov for ein ekstra tur i året.

Køyrerute frå Ottadalen er lagt inn i forvaltningsplanen for Reinheimen og går opp til innsjøen Aursjoen og inn i verneområdet nordover opp mellom Nordre Aursjohø og Vasstakhø, inn vestover etter Mjølakolo og over reset til Lørtjønn (Øvre Lortjønn) og vidare til fiskebua ved nedre Lortjønn. Køyretraseen er vist i forvaltningsplanen og går gjennom villreinområde, og det blir stilt krav om særskild aktsemd i høve til villrein, i tråd med føringar gitt i forvaltningsplan.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til dyrelivet som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12. § 8 «Kunnskapsgrunnlaget». Fiskebua ligg på austsida av ei av dei 4 Lortjønnen, ca 1310 m.o.h. Området ligg i er eit karrig steppelandskap i overgangen mellom Ottadalen og



Gudbrandsdalen. Lora vassdraget drenerer mot nord og ned i Gudbrandsdalslågen. Utpå seinvinteren i april trekker villreinen vanlegvis frå Liafjellet og nordover til indre delar av Lordalen og Finndalen. Av omsyn til villreinen sin trekk- og beiteåtfærd er det viktig at det ikkje vert køyrt med snøskuter til hytta dersom det er villrein i køyreruta.

Det viktig at det ikkje vert køyrt med snøskuter til hytta dersom det er villrein i køyreruta. Dette er det tatt høgde for i vilkåra, då leigekøyrar i forkant av transporten, må ta kontakt med SNO for å skaffe informasjon om det er villrein i aktuell køyretrase. Det skal ikkje køyrast dersom det er rein i køyretraseen. Dersom det likevel skulle vise seg å vera villrein i køyretraseen må transporten vente til reinen har trekt seg unna, eller køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side. Kunnskapsgrunnlaget vurderast til å vera tilstrekkeleg. Det er ikkje nødvendig å ta i bruk § 9 «føre-var-prinsippet».

§ 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» Snøskutertransporten det er søkt om har eit avgrensa omfang. Det er god oversikt over området, og den samla belastninga synes å vera akseptabel. Det er viktig at søkjar/ leigekøyrar samordnar varetransporten med andre hytter i området for å redusere motorferdselen. Ved å følgje retningslinene i forvaltningsplan for motorferdsel, unngå køyring dersom det er villrein i den aktuelle køyretraseen, vil ein minimere belastninga for verneverdiane i området.

§ 12 «Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar». Bruk av snøskuter er føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet i dette tilfelle. Transporten med snøskuter fører til ein forbigåande uro, og gir ikkje varige skader på naturen.

Ut i frå ei samla vurdering vil snøskutertransporten oppfylle vilkår for å gje løyve.

Med helsing

Mari Melbø Rødstøl
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

| | | | |
|---------------------------------------|--------------|------|-------------|
| Skjåk kommune | Moavegen 30 | 2690 | SKJÅK |
| Kristine Sørli | | | |
| Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen | | | |
| Skjåk Almending | | 2690 | SKJÅK |
| Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl | | | |
| Statsforvalteren i Innlandet | Postboks 987 | 2604 | LILLEHAMMER |